



Ståle Øksnes
Hopsvågen 59
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5370 - 15/3550

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
16.02.2015

Gbnr 126/6 Hope. Melding om vedtak i Plan- og miljøutvalet.

I sak 009/15 i Plan- og miljøutvalet, vart det gjort følgjande vedtak:

«Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Med heimel i pbl. §19-2 gjev Lindås kommune ikkje dispensasjon frå gjeldande plan for deling av tilleggsareal til gbnr, 126/78 frå gbnr 126/6 og 10.
- Med heimel i pbl §20-1 gjev Lindås kommune ikkje løyve til å dele frå om lag 2,5da frå gbnr. 126/6 og 10, slik det er søkt om og synt på kart motteke i kommunen 17.06.2014.
- Med heimel i jordlova §9 vert det ikkje gjeve løyve til å omdisponere overflatedyrka jord til bustadføremål, slik det er søkt om.
- Med heimel i Jordlova §12, vert det ikkje gjeve løyve til å dele frå om lag 2,5da delvis landbruksareal og delvis tunareal, frå gbnr 126/6 og 10 for å overføre det som tillegg til bustadeigedommen 126/78.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga som følgjer nedanfor.

Plan- og miljøutvalet - 009/15

PM - behandling:

Fellesframlegg:

- Med heimel i Pbl. §19-2 gjev Lindås kommune ved PMU dispensasjon frå gjeldende plan for deling av tilleggsareal til gbnr 126/78 frå gbnr 126/6 og 10.
- Med heimel i pbl §20-1 gjev Lindås kommune ved PMU løyve til å dele frå omlag 2.5 da frå gbnr 126/6 og 10, slik det er søkt om og synt på kart motteke i kommunen 17.06.14.
- Med heimel i jordloven §9 vert det gjeve løyve til å omdisponere overflatedyrka jord til bustadføremål, slik det er søkt om.
- Med heimel i jordlova §12, vert det gjeve løyve til å dele fra omlag 2.5 da delvis landbruksareal og delvis tunareal, fra gbnr 126/6 og 10 for å overføre det som tillegg til bustadeigedommen gbnr 126/78.



Grunngjeving:

1. Landbruket i området vert ikkje råka. Arealet er i dag ikkje nytta til jordbruk/drift.
2. Området har i mange år vore brukt slik det nå er søkt om. Det fører ikkje til endra bruk, kulturlandskapet vert difor ikkje endra. Arealoverføring skaper samsvar mellom arealet som vert nytta og eigarskapen til arealet.
3. Grunneigarane er samd i at dette er til fordel for dei begge.

Deler av hagen til gbnr 126/78 ligg inne på eigedom gbnr 126/6. Det ligg veg, borehol, frukttrær og plen på området. Frådeling får lite å seia for arealressursane på bruket.

1. Utvalet finn at etter ei samla vurdering er fordelane ved dispensasjon og frådeling vesentleg større enn ulempene. Omsyn til kommuneplan, jordlov og pbl vert ikkje vesentleg til sidesett.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

- Med heimel i Pbl. §19-2 gjev Lindås kommune ved PMU dispensasjon frå gjeldende plan for deling av tilleggsareal til gbnr 126/78 frå gbnr 126/6 og 10.
- Med heimel i pbl §20-1 gjev Lindås kommune ved PMU løyve til å dele frå omlag 2.5 da frå gbnr 126/6 og 10, slik det er søkt om og synt på kart motteke i kommunen 17.06.14.
- Med heimel i jordloven §9 vert det gjeve løyve til å omdisponere overflatedyrka jord til bustadferemål, slik det er søkt om.
- Med heimel i jordlova §12, vert det gjeve løyve til å dele fra omlag 2.5 da delvis landbruksareal og delvis tunareal, fra gbnr 126/6 og 10 for å overføre det som tillegg til bustadeigedommen gbnr 126/78.

Grunngjeving:

1. Landbruket i området vert ikkje råka. Arealet er i dag ikkje nytta til jordbruk/drift.
2. Området har i mange år vore brukt slik det nå er søkt om. Det fører ikkje til endra bruk, kulturlandskapet vert difor ikkje endra. Arealoverføring skaper samsvar mellom arealet som vert nytta og eigarskapen til arealet.
3. Grunneigarane er samd i at dette er til fordel for dei begge.

Deler av hagen til gbnr 126/78 ligg inne på eigedom gbnr 126/6. Det ligg veg, borehol, frukttrær og plen på området. Frådeling får lite å seia for arealressursane på bruket.

1. Utvalet finn at etter ei samla vurdering er fordelane ved dispensasjon og frådeling vesentleg større enn ulempene. Omsyn til kommuneplan, jordlov og pbl vert ikkje vesentleg til sidesett.»

Saksutgreiinga føl vedlagd til orientering.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. Pbl §21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke av kommunestyret 20.03.2014 gjeldande frå 31.03.2014, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Dispensasjon frå arealføremålet	kr. 8500,-
Deling som ikkje er i samsvar med arealføremålet	kr. 7900,-
Deling etter jordlova	kr. 2000,-
Sum	kr.18400,-

Klage:

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova sine føresegner. Partane kan klage til overordna Mynde over avgjerda innan tre veker for ein var gjort kjend med innhaldet i vedtaket, jf. Forvaltningslova §§ 28 flg..

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kenneth Øksnes og Camilla
Arentsen

Hopsvågen 51 5953

FONNES

Mottakarar:
Ståle Øksnes

Hopsvågen 59 5953

FONNES